

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 3-4

JUNI 1988

42. årg.

Biskop Per Lønning vitja
Vaksdal prestegjeld
21.-24.april.
Bileta her er frå skule-
og familiegudstenesta i
Vaksdal kyrkje.



"Eg er vegen, sanninga og livet."

-Frå Biskop Per Lønning si preike ved
visitasgudstenesta på Dale.
v/Tove Margrethe

Eg er vegen! Ingen kjem til Faderen
utan ved meg.

Eg er livet.

Jesus tilbyr oss heilskap,samband med
han som er livgjevande.
Berre Gud eig liv,er liv og kan skjen-
kja liv.
Kva med døden?Død er eit ord med dob-
bel botn.Vi må alle dø.Men døden er
ingen endeleg død.Vi skal få liv på
nytt,slik Gud gav oss livet fyrste
gong.Ved Jesus er sambandet med livs-
kjelda opna for oss.

Eg er sanninga -

- sjølvne sanningsbrunnen,- skjenkjer
sanning til kvar tyrstande sjel.
I møte med Jesus vert livet sant og
ekte.Helten frå påskedag gjev oss Gud
og gleda attende."De skal kjenna san-
ninga og sanninga skal gjera dykk frie!"
Ljos = sanning.Alt er ope,alt er fritt.
Inkje stengjer mellom Gud og oss.

Eg er vegen.

Du skal ikkje stå og stampa på flekken.
Vegen fører oss vidare til noko rikare,
- til målet.
Jesus vener er undervegs.Det kan vera
til tyngsel og til trøyst.
"Jeg er dessverre langt borte ennu!"
Men trøysta er:Eg treng ikkje fara
vill.Vegen fører fram.Eg vert leia dit
eg skal.



Er Jesus min òg?
Er eg på veg til farshuset,der det står
rom og ventar?
Det er ikkje nok å veta om vegen,-vi må
fylgja den!
"Ingen kjem til Faderen utan ved meg!"
Kven annan veit vi av som kan gje livet
attente til oss syndararar som har
brote kontakten med Gud?
Vi var døde i våre synder.Berre Jesus
kan tilby oss sanninga som avslører,
reinsar og heilar.
Frelsaren er vår sanning.

Hans herlegdom - full av nåde og sann-
ing.Her er det ingen motsetnad mellom
Jesus vilje til å verna om Guds heilage
reinleik og hans uslökkjelege miskunn
mot alle falne og feilande som tek
imot han.Jesus er både fast og varleg.
Vår Frelsar er:Veg - Sanning - Liv.

ØNSKEDIKTET

Gå under Jesu kors og stå,
og la hans røst ditt hjerte få.
Ja,stå i stillhet og gi akt
på det han har til avskjed sagt.

For sine fiender mild i hu,
han bad:"Min Far,forlat dem du.
For hva de gjør,det vet de ei.
Forblindet går de syndens vei."

Be og for meg,O,Herre min,
Du ser at jeg er svak og blind,
på all min vei i alt mitt verk,
men ved din bønn gjør du meg sterk.

En røver stammet frem sin nød,
og høstet liv i Kristi død.
"Til paradiset, jeg sier deg,
skal du i dag få følge meg."

"La meg og i min siste stund,
få trøst,o,Jesus av din munn.
Omvend meg du hver dag som går,
så arv jeg og i himlen får."

Takk Herre Jesus!
Amen i Jesu navn.

Vaksdal sjukeheim,mai-88

Knut Herfindal



Biskop Lønning om gudstenesta

Gudstenesta er ikkje berre for at eg
skal få noko for meg sjølv.Vi kjem
øg saman for å gi noko: Vi tek del i
fellesskapen og i lovsongen.

*

Kvar søndag skjer det ei folkeav-
røysting om framtida for kristendom-
en i landet vårt.Diverre har Vårherre
mange heimesitjarar.Her gjeld same
regel som i politikken:Det hjelper
ikkje å vera medlem i eit parti,der-
som ein sit heime på valdagen.

*

I mange norske kyrkjer er det ikkje
gudsteneste kvar søndag.Men det går
an å samles i kyrkja likevel.I andre
land er det nære på utenkjeleg at
ikkje dei kristne skulle samles på
heilagdagen,sjølv om presten ikkje er
til stades.Kvifor ikkje ta med radio
i kyrkja og høyre på gudstenesta saman?

*

Vi har fått ei fantastisk salmebok.
Har de kjøpt ho?

Mange av dei "nye" melodiane er i
røynda dei gamle,oppHAVELEGE.Desse
vart i si tid endra og gjort mono-
tone av folk som framfor alt ville
ha det "høgtideleg" i kyrkja.No har
vi fått dei gamle,friske rytmene att-
ende.Lær dei og bruk dei - lat lov-
songen tona!

*

Nattverden er ei nådegåve som gir
kraft til menneske undervegs.Det er
"ferdaniste",ikkje premie for dei
vellukka.

*



SKRUK i Dale kyrkje

Dei som fann vegen til Dale kyrkje pinseaftan, fekk ei strålende oppleving. Det kjende koret SKRUK - Sunnmøre Kristelege Ungdomskor - med sin dirigent Per Oddvar Hildre, song seg inn i hjarta vårt, både musikalsk, og ikkje mindre med den klare kristne budskapet. Songane var henta frå nyare komposisjonar, "smykke frå bedehuset" og gospel. Kyrkja var godt fylt med folk frå heile distriktet. Vi vonar at SKRUK vil finna vegen attende til oss ein annan gong òg.

Etter pinse

Vi har nyleg hatt pinse.

Kva står denne høgtida for?
Pinsa er ei bønnehøgtid! Vi bed om Den Heilage Ande - at han må fylla oss. At han må gje oss tru og kjærleik.

ANDEN GJEV OSS TRU PÅ JESUS.

Den Heilage Ande er Guds Ande. Hans oppgåve er å gje den kristne budskapet liv i hjarta våre. Ingen menneske er i stand til å tru på Jesus av seg sjølv. Men Anden tenner lys i vår forstand og får oss til å skjønne: "Det var for MEG Jesus døyde."

Anden gjer Jesus stor for oss. "Han skal herleggjere meg," sa Jesus.

ANDEN GJEV OSS KJÆRLEIK

Bibelen seier at Den Heilage Ande gjev kraft, kjærleik og visdom. Er det ikkje nettopp det vi treng? Anden gjev utrustning til dagleg liv og teneste.

BE OM DEN HEILAGE ANDE!

Jesus sa at Gud gjev Anden viljug til kvar den som bed han. I salmeboka finn vi mange slike bønner.

Du guddoms ljøs, lys i vårt sinn,
lei oss rett til Jesus Kristus inn,
så vi alltid høyrer han, vår Frelsar kalle,
han som til sitt rike kjærleg bed oss alle.
Herre, høyr vår bøn!

Du kjærleiks Ande, livsens vell,
kveik i oss den reine kjærleiks eld.
Gjer du oss av hjarta glade i kvarandre,
så vi alltid saman i din fred kan vandre.
Herre, høyr vår bøn!

Kjell Arne Norum



KONFIRMANTANE I STAMNES KYRKJE 15.MAI 1988




KONFIRMANTANE I VAKSDAL KYRKJE 8.MAI 1988



Organistar veks fram

To av dei unge organist-elevane til Lars Ragnvaldsen spela til gudstenesta i Dale kyrkje 1. pinsedag. Det var Jon Straume og Frode Vik som for fyrste gong var vikarar. Og slik som dei spelar, vert det sikkert ikkje siste gong! Særleg merka vi oss at det var lett å syngja til spelet deira. Vi ynskjer dei lukka til vidare!

Biletet er tatt heime hjå Jon.



Biskopen og skuleborna

OM KYRKJA

På eit par av skulegudstenestene spurte biskop Per Lønning kva som gjer ei kyrkje til ei kyrkje. Kva er annleis enn i andre hus? Borna svara alteret, preikestolen, krossen osv.. Og alt dette var rett. Men så sa biskopen: Det som gjer kyrkja til kyrkje, det er de sjølve! Utan menneska som samles, er det eigentleg inga kyrkje. Kyrkja er bygd av levande steinar. Kyrkja er Jesu vener som samles om sin Herre og Meister.

OM KROSSEN

Biskopen synte fram bispekrossen til skuleborna og sa: Ingenting gjer meg så lei, og ingenting gjer meg så glad som når eg ser krossen.

Eg vert lei når eg tenkjer på korvondt det var for Jesus. Og då eg var gut, tenkte eg at berre eg hadde vore der, så skulle eg ha hindra dei i å gjera slik med Jesus. Men sidan har eg skjont at eg òg har gjort Jesus vondt - kvar gong eg gjer noko gale.

Men eg vert glad når eg tenkjer på kor glad Jesus er i meg - at han kunne gje livet sitt for meg slik. Jamvel røvaren på krossen ved sidan av Jesus fekk vera venen hans. Då skjønar eg at Jesus vil la meg få vera venen hans òg.




BARNESIDE



PINSEDAGEN

PINSE - Det er ei av dei kristne høytidene. Hugsar du kva som skjedde pinsedagen? Då fekk læresveinane Den Heilage Ande. Korleis det skjedde kan vi lesa om i Apostelgjerningane 2. Før Jesus reiste til himmelen, snakka han ein del med læresveinane om Den Heilage Ande. Den skulle hjelpa dei og gje dei kraft, hadde Jesus sagt. Og slik vart det. No var ikkje Peter redd lenger. Han fortalde om Jesus til alt folket som var der. Då folket fekk høyra om Jesus, bestemte mange seg for å tru på han. Denne dagen vart det tre tusen kristne. Det var fint!




HEI!

I dag er det ei prikk til prikk oppgave.

Dra ein strek frå prikk til prikk (1 til 41).

Etterpå kan du fargeleggja teikningu.

Lukke til



Reidun Skurtveit



Bilete frå bispevisitasen

T.v. og nedanfor er frå Dale kyrkje ved visitasgudstenesta 24.april.

Neste side øvst:

Biskop og prestane våre hadde ein flott skitur til Storliknausen, 1194 m, 20.apr. Per Småbrekke var med som kjentmann.

Nedanfor:

Ved samlinga etter visitasgudstenesta. Biskop Lønning og prost Østtveit med fruer.

Biskop Lønning:

Jesus sa: "Eg er vegen."

Han sa ikkje: "Eg er parkeringsplassen."





Sommerens
OASE-stevne:
**Erfare Guds rike i ånd og
kraft – går det an, det da?**



«Ja, det går an å erfare Guds rike.»
Jens-Petter Jørgensen i Oase tar sats:
«Det er rett og slett *nødvendig* å erfare
Guds rike! En teoretisk og intellektuali-
sert kristendom er ikke nok – ikke for
personlig kristenliv, ikke for et levende
menighetsliv, ikke for effektiv evangeli-
sering.»

På sommerens OASE-stevne i Skien
13. – 17. juli, er temaet «*Et rike i ånd og
kraft*». Hovedtalerne blir Michael Green,
velkjent britisk bibellærer og skribent, og
Bob McGee, pastor i John Wimbers
nordamerikanske Vineyard-bevegelse.
Biskop Bjørn Bue, Jan Gossner, Eivind
Frøen og Kjell-Petter Dahl skal også i il-
den, ved siden av Jørgensen selv og an-
dre ledere i Oase-bevegelsen.

Sjelesorg, forbønn og lovsang får også
bred plass på stevnet. Lars Mörlid og Pe-
ter Sandwall leder sangen. Det blir et
eget opplegg for barna, og «tenårings-
OASE» for de unge.

Hvis du ikke allerede har fått stevne-
programmet, kan du bestille det fra
OASE-kontoret, Dalbakkveien 39, 0682
Oslo 6. Telefon (02) 27 07 90.

Skeive gravsteinar

No om våren er tida inne til å retta
opp skeive gravstøtter. Dette er dei
pårørande sitt ansvar.

I fjor vår hadde det nær på gått
gale då eit barn velta ei ustø grav-
støtte ein stad i prestegjeldet vårt.
Dersom ein finn gravstøtter som er
fårlege, må kyrkjevevja i verste fall
leggja dei ned på bakken.

Gravsteinane skal vera festa i sok-
kelen med ein eller helst to boltar.
Desse boltane kan vera lause, og går
frå to hol i sokkelen og opp i to hol
i steinen.

Kyrkjevevjerne kan gi nærare opplys-
ningar.

Bladpengar

Kasseraren meldar at det ved slutten
av mai månad er komen inn kr.30.400,-
i bladpengar (606 har betalt)
og kr.4.205,- i gåver. Takk for dette!
Bladpengar for 1988 er kr.50,- og kan
sendast til:

Kyrkjeblad for Vaksdal
5270 Vaksdal

på bankgiro 3500.50.13117
eller postgiro 5 72 34 73

GOD SOMMAR!

Ny prestestilling i Vaksdal og Modalen ?

1.KVA ER BAKGRUNNEN?

Presten i Osterfjorden har
svært lang og tungvint reise for å
vitja kyrkjelyden sin i Modalen.
Vaksdal prestegjeld er også svært
vidstrekt med 7 kyrkjelyder og store
avstandar (opp til 7-8 mil kvar veg.).
Det seier seg sjølv at kyrkjelydane
våre då ser lite til dei to prestane.
Det har difor ei tid vore arbeid med
å oppretta ny prestestilling for Mo-
dalen, Nesheim, Eksingedalen og Eidsland.

2.KOR MYKJE TRENGST?

Modalen kommune har vedteke
å bera 2/3 av kostnaden til ei slik
prestestilling, men resten må Vaksdal
stå for.

Vaksdal kommune ser seg ikkje
råd til å løyva dei 70 000 kr. som
skal til. Staten har ikkje løyvd pengar
til prestestillingar i 1988. Difor er
det lite truleg at stat og kommune
vil oppretta denne prestestillinga no.

3.KVA HAR KYRKJELEG FELLESRÅD GJORT FOR Å FINNA EI LØYSING PÅ DETTE?

Kyrkjeleg Fellesråd i Vaks-
dal har difor sett ned ei nemnd. Den-
ne nemnda skal undersøka om det er
interesse for å gje stønad til ny
prestestilling gjennom pengeinnsam-
ling.

4.KOR MANGE VIL GJE?

Nemnda ynskjer å vita kor
mange som kan tenkja seg å vera med
for å tilsetja ein prest for 4 år.
**OM 700 FAMILIAR ELLER EINSKILD-
PERSONAR GJEV 100 KRONER KVART ÅR,
SÅ ER DET NOK !!**


Om dette vert ein realitet,
så vil det koma heile prestegjeldet
til gode. Det vil hjelpa på arbeids-
stoda for prestane i Vaksdal. Dei vil
då kunne nytta meir tid til å vitja
eldre, sjuke og den einskilde i kyr-
kjelydane på ein betre måte.

5.KORLEIS VIL NEMNDA GJENNOMFØRA UNDERSØKJINGA?

Nemnda vil med det fyrste
senda ut eit spørjeskjema til alle
husstandar i Vaksdal prestegjeld.
Skjemaet må sendast attende til
sokneprestkontoret innan 7 dagar.
Det er viktig at alle svarar, så
nemnda kan få så godt grunnlag å
arbeida med som råd er.

Dei som er med i nemnda er:

Sokneprest Meidell, Per Småbrekke,
Asbjørn Ekse.



Vi noterer oss

Bergsdalsstemna

Vel møtt til årets Bergsdalsstemne!
14.august er datoen i år.

Arrangementet vil gå føre seg på tradisjonelt vis.

Det tek til med gudsteneste kl.11.00. Deretter vert det matøkt.Ta med mat sjølv,så får de kjøpa dravle og drikka.

Seinare vert det leik og fritt samver fram til ettermiddagsmøtet kl.14.00.

Ein vonar på godt oppmøte også frå dei andre delane av kommunen vår.

Alle er hjarteleg velkomne!

Søndagsskulens dag

I år vert søndagsskulens dag 4.sept. Det vert feiring på Dale og på Stamnes. Båe stader tek ein til med familiegudsteneste kl.11.00.

Misjonær Grethe Øpstebø

kjem heim frå Kenya fyrst i juli. Ho skal vera heime 1 år. Vi ynskjer ho velkomen heim!

Prestane sine feriar

Sokneprest Inge Christian Meidell har fri frå 24.juni til 21.juli.

Res.kap.Kjell Arne Norum har fri frå 21.juli til 17.august.

OM FLYULUKKA I TORGHATTEN OG KONFIRMASJONEN

På grunn av flyulukka i Torghatten fredag den 6.mai i år fekk eg som prest for konfirmantane på Dale og Stanghelle ei sers vanskeleg oppgåve ved konfirmasjonsgudstenesta på Dale den 8.mai.At nokre av dei som omkom i ulukka,skulle ha vore med ved konfirmasjonen i Brønnøysund kyrkje,gjorde at eg ikkje kunne la vera å ta denne triste hendinga med i preika.

Dessverre fekk det eg sa,eit langt kvassare og hardare uttrykk enn det burde.Nokre viktige ord til trøyst fall ut or preika.

Desse orda var:Det er vanskeleg å skjøna at Gud vil la ei slik ulukke henda.Vi vert både sinte og lamslåtte.For dette kom som eit sjokk på oss alle.Når vi bed til Gud når noko slikt har hendt,då har vi lov å klaga til Gud og vera sinte på han. Men når vi græt og bed om nåde,vil han verna oss mot slike ulukker.For han kan og vil trøysta oss og frelsa oss.Nettopp difor er det god hjelp og trøyst i å gå til han i bøn.

Eg vil difor be dei om tilgjeving som eg såra og gjorde vondt med det eg sa i preika mi i Dale kyrkje 8.5.

Venleg helsing
Inge Christian Meidell,sokneprest.

SOMMERLEIRER

HVA ER SOMMERLEIR?

Ja, du som har vært på leir før vet det nok, men for deg som lurer litt på det, kan vi fortelle at leir er når en stor flokk barn eller unge samles med ledere for å ha det trivelig. Vi er mye ute i frisk luft, vi har leirbål, padler og bader. Vi synger mye, har bibeltimer og hører om misjon og har konkurranser og leker, og vi prater med hverandre og får mange venner. Kort sagt Leir er kjempefint!

Du er hjertelig velkommen!

Hilsen
Barne- og ungdomsrådet
i Bergen krets av
Det Norske Misjonsselskap

BARNELEIRER N M S

Tidspunkt	Sted	Alder	Pris
18.-22. juni	Kvamshaug	9-12 år	285,-
23.-27. juni	Kvamshaug	9-12 år	285,-
28.juni-2. juli	Kvamshaug	8-10 år	285,-
23.juni-2. juli	Kvamsseter	11-13 år	285,-
4.- 8. juli	Kvamshaug	9-12 år	285,-
18.-21. juni	Blåfåne	9-12 år	215,-
22.-25. juni	Blåfåne	9-12 år	215,-
18.-22. juli	Brandøy	4.-6. kl.	305,-

TENÅRINGSLEIRER

18.-22. juni	Kvamsseter	13-16 år	375,-
4.- 8. juli	Båtleir	15-18 år	500,-

FAMILIELEIRER

9.-13. august	Kvamsseter	Leir for barn og besteforeldre	Internasjonal familieleir
14.-18. juli	Framnes		

SÆTERVIKA

Sætervika er ein idyllisk leirstad som ligg fint til ved Samnangerfjorden. Finn ein leir som høver for di aldersgruppe og kom!

	Pris
17.-21.juni - 12-14 år Aktivitetsleir	350,-
21.-24.juni - 10-12 år	235,-
27.-29.juni - 8-10 år	150,-
19.-24.juli - 9-14 år Ferieleir	395,-
25.-31.juli - 9-14 år Ferieleir	445,-
1.-4.aug. - 8-10 år	240,-
5.-11.aug. - ov.14 år Interesseleir	495,-

Nærare opplysningar og påmelding til:

NORSK LUTHERSK MISJONSSAMBAND
C.Sundtsgt.2. 5004 BERGEN

Tlf. 32 12 52

FAGERTUN

Det vert ikkje leir på Fager-tun i år. Dei er i gang med bygging av nytt internat,fortel Odd Alvheim,og ein reknar med å få tett hus til vinteren.

FAGERTUNSTEMNA

12.JUNI kl.11.00

"Ungdomsvarden" frå Osterøy vert med og syng. Aud Nygård og doktor John Livden vert med. Det vert basar og trekking. VEL MØTT!

Ønskjer du hjelp til å

- aktivisere barnet ditt på ein meningsfylt måte?
- stimulere barnet til ei allsidig og rik utvikling?
- hjelpe barnet til å få eit tillitsfullt forhold til Gud?

Da kan du få hjelp gjennom . . .



eit tilbud som veks med barna

- 3 pakkar i året
- Innhaldet høver til alderen og behovet til barnet
- I kvar pakke: foreldrerettleiing og tre-fire ting til barnet
- Vel mellom nynorsk- og bokmålsutgåve
- Pris pr. år: 360 kr (gjeld tinging og betaling i 1988).

Til **td**-forlaget

Postboks 173
1430 ÅS
Tlf.: (09) 94 37 60

SLEKTERS GANG

Døypte



DALE

20.03 Kjersti Johannessen
01.05 Katrine Ingvarsten
01.05 Annette Ingvarsten
08.05 Helén Valestrand Wefring
08.05 Torben Hop
22.05 Eirk Bruvik Erdal

STAMNES


21.02 Tone Lise Møen, døypt i Voss
31.03 Johnny Kristian Klever

EKSINGEDALEN

17.04 Marianne Brønstad
17.04 Kjetil Lavik

VAKSDAL

03.04 Espen Ulevik Svarstad
17.04 Njål Nordmark
01.05 Tommy Bakke Amundsen
01.05 Cecilie Marx Larsen
17.05 Åshild Danielsen Kvamme
22.05 Ingeborg Synøve Grindheim



Vigde



STAMNES

14.05 Sverre Johnny Langeland og
Grete Berit Kallestad

VAKSDAL

07.05 Karianne Skage og
Kenneth Solheim

Avlidne



DALE

06.04 Olav Hagebø f.1929
15.04 Amalie Rasmussen f.1898
17.04 Olav Hesjedal f.1910
18.04 Thomas Thomassen f.1919
26.04 Anne Sofie Takvam f.1904
30.04 Skafti Jakobsson f.1917

STAMNES



19.04 Malene Kulshamar f.1988
01.05 Helga Kulshamar f.1908

NESHEIM

04.04 Ragnhild Nesheim f.1904
28.04 Berta Gullbrå f.1909

VAKSDAL

25.03 Johannes Bruvik f.1906
03.04 Svanhild Stürtzel f.1903
13.04 Malvin Teigen f.1918
14.04 Gunvald Løtvedt f.1913
16.04 Marianne Rolland f.1988
10.05 Ingeborg Kåstad f.1896



DALE

07.05 Frode Risnes og
Torill Nilsen, vigd i
Øystese kyrkje

VELKOMEN TIL KYRKJE



12.juni - 3.sundag etter pinse

DALE kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.

VAKSDAL kl.11.00 Familiegudst.v/Norum.
Utdel.av "Vi går i kyrkja" til 1.kl.

STAMNES kl.19.00 v/sp.Meidell.Nattverd.
Offer til Dei fire Diakoni-institusj.

19.juni - 4.sundag etter pinse

EIDSLAND kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattv.
Offer til Den Norske Israelsmisjon.

STANGHELLE kl.18.00 Fam.gudst.v/Meidell.

26.juni - 5.sundag etter pinse

EKSINGEDALEN kl.11.00 v/Norum.Nattv.

DALE kl.20.00 v/rk.Norum.

3.juli - 6.sundag etter pinse

STAMNES kl.11.00 v/rk.Norum.Nattverd.

VAKSDAL kl.20.00 v/rk.Norum.Nattverd.

10.juli - 7.sundag etter pinse

DALE kl.11.00 v/stiftskap.I.Molde.
Nattverd.

BERGSDALEN kl.11.00 v/Norum.Nattverd.

NESHEIM kl.16.00 v/rk.Norum.Nattverd.

17.juli - 8.sundag etter pinse

EIDSLAND kl.11.00 v/rk.Norum.Nattverd.

VAKSDAL kl.19.00 v/stiftskap.I.Molde.

24.juli - 9.sundag etter pinse

EKSINGEDALEN kl.11.00 v/Meidell.Nattv.

31.juli - 10.sundag etter pinse

STAMNES kl.11.00 v/sp.Meidell.

DALE kl.20.00 v/sp.Meidell.

7.august - 11.sundag etter pinse

VAKSDAL kl.11.00 v/krinssekr.Ingvard
Hageberg.Nattverd.

NESHEIM kl.11.00 v/sp.Meidell.

14.august - 12.sundag etter pinse

BERGSDALEN kl.11.00 v/sp.Meidell.

BERGSDALSSTEMNA.

21.august - 13.sundag etter pinse

DALE kl.11.00 v/rk.Norum.Nattverd.

EIDSLAND kl.11.00 v/Meidell.Nattverd.

STAMNES kl.19.00 v/Meidell.Nattverd.

28.august - 14.sundag etter pinse

EKSINGEDALEN kl.11.00 v/rk.Norum.

VAKSDAL kl.11.00 Konfirmantpres.
v/rk.Norum.

4.september - 15.sundag etter pinse

DALE kl.11.00 Familiegudst.v/Meidell

Søndagsskulens dag.

STAMNES kl.11.00 Fam.gudst.v/Norum.

Søndagsskulens dag.

Velkommen til samtale

Prestane har teigeplikt.

Du er velkommen til samtale om
du treng nokon å snakka med.

AAN rådgjeving for gravide

Dei som går med born og er i ein vanskelig situasjon, kan no få hjelp ved eit nystarta kontor i Bergen. AAN tyder "Alternativ til abort, Norge." Dei gjev rådgjeving og praktisk hjelp. Adressa er Strandgaten 6. Telefon 32 56 77

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:
Inge Christian Meidell
tlf. 59 61 20

Res. kap.:
Kjell Arne Norum
tlf. 59 70 88

Hugs, måndag er presten sin
friday!

KIRKENS SOS

Er du i en vanskelig
situasjon og har behov
for noen å snakke med?
Ring 23 30 80. Apent hver dag fra
kl. 19.00 til 07.00



Har du bil?

Ta andre med deg
når du køyrer til
kyrkje!!!



SLÅ PÅ TRÅDEN

eller send meg nokre ord om du har
stoff til neste nummer.
Frist for innlevering av stoff
er 20.august.

Tove Margrethe

Utgjevar: Sokneråda. Bladpengar: kr. 50.- (eller meir)

Postgiro 5 72 34 73 Bankgiro 3500.50.13117

Bladstyrar: Tove Margrethe Nordmark, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 59 72 01

Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 59 72 32

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. 05 - 55 50 45

Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese